



Alle elevane song til slutt - det var høgdepunktet

Det er all grunn til å vera stolte over både elevar og lærarar ved Uskedal-skulen.
Det dei viste under juleavslutninga ikveld var ikkje noko mindre enn ein prestasjon og då alle elevane runda av med å syngja Del varmen til slutt var det lett å fylgje oppmodinga.
Del varmen til slutt var det lett å fylgje oppmodinga.
Dette var eiin varme-injeksjon i ei mørk førjulstid.
Neste år kjem turen att til Dønhaug og vi gler oss allereie.
Dette arrangementet er ein fin måte å presentere vår kvalitets-skule på..



Skodespelar i ribbeveggen: Martin Arnesen

Programmet har dei same grunntrekka frå år til år, men det er naturleg nok stor skilnad på kvaliteten og kor mykje arbeid som er lagt ned på førehand i dei einsskilde klassane. Ingen bør bli

fornærma når ein i år vart mest imponert over 4. og 5. klasse som hadde ei meir krevjande oppgåve enn dei fleste andre.



Skodespelar med ny bukse: Jaran Jensen Eide

Den første klassa viste eventyret om julegrauten instruert av Åse Neset som vara i over eit kvarter og var ein kjempe-prestasjon. Ein av skodespelarane, Martin Arnesen, hang sogar i ribbeveggen. Den andre klassa spela historia om nissen som fekk seg nye bukserr der ein kunne glede seg over eit klårt talent - Jaran Jensen Eide.



Fjerdeklassingane takkar for seg

Men dei andre klassane må slett ikkje gløymast for alle gjorde sitt for ei minnerik heilheit.

Førsteklassingane song På låven sitter nissen og andreklassingane song Julekortsong. 3. klasse hadde Prøysens Julepresangen på repertoaret og presenterte den artige visa på ein illustrerende måte. 6. klasse fortalde om bakgrunnen og song Det lyser i stille grender til akkompagnement av Ingebjørg Haugland, 7. klasse las naturleg nok jule-evangeliet og avslutta med gitarspel.

Også programleiarane Martin og Karsten løyste oppgåva si bra og når vi og tar med pianoduetten til Sunniva og Ingeborg skulle ikkje så mange vera gløymt-

Programmet vidare var også tradisjonelt med spreiring til dei einskilde klasseromma og juletregong til slutt. I det heile ein fin og verdig opptakt til høgtida.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



6. klasse syng Det lyser i stille grender og Ingebjørg Haugland spelar